# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 MARS 1984 17. ÅRG.

## Tro på Jesus - og du blir frelst!

For så har Gud elsket verden at Han ga sin sønn, den enbårne, forat hver den som tror på Ham, ikke skal fortapes, men ha evig liv. Joh. 3,16.

Hva menes det med å tro på Jesus? Det betyr i bibelsk mening å ha tillit til, fortrøstning til — stole på. Vi sier at vi tror på den og den lege og mener da at vi har tillit til ham — stoler på ham. Å tro på Jesus betyr at jeg gir meg til Ham og stoler på Ham.
Jeg tror at Han er Guds sønn som døde for syndere, og at Han frelser dem som kommer til Ham. Derfor kommer jeg — først og fremst med min synd og min nød.

En prest fortalte engang at han en kveld på veg hjem møtte en gammel mann som strevde seg fram på krykker. Han var furet i ansiktet og så så inderlig trett og bedrøvet ut. Etterat presten hadde

Forts. s. 2



## Kyrkjelydsveke i Arna

### 18.-25. mars

I DENNE VEKA VERT DET MANGE ULIKE TILSKIPINGAR I ARNA KYRKJELYD: EIN AV AKTØRANE ER DEN KJENDE VISESONGAREN BJARTE LEITHAUG (BILETET). HAN VERT MED VED UNGDOMS-KVELDEN LAURDAG 24. MARS. SJÅ MEIR OM KYRKJELYDS-VEKA PÅ SIDE 8 OG 9.

**FASTEBØSSE TIL ALLE** Sjå s. 12

frå s. 1

uttrykt sin medfølelse og sympati, prøvde han å komme inn på åndelige ting og spurte bl.a. om den gamle hadde fred med Gud. Til dette svarte mannen at han i 3 år stadig hadde bedt nettopp om dette. Han hadde hittil ikke fått svar fra Gud, men han ønsket så inderlig å bli bønnhørt. «Nervel», sa presten, «enn om du nå slutter å be så meget om det og istedet gjør hva Gud ber deg om å gjøre?»

Mannen så forbauset på presten som fortsatte: «Du vet vel at bibelen sier at det ikke er våre mange bønner til Gud som frelser oss, men at frelsen er fullbragt for oss alle. Du har sikkert hørt om Jesus Kristus, vår Herre og Frelser?» «Ja, det har jeg», kom det fra mannen. «Hva har du så hørt om Ham?» «Jeg har hørt at Han døde på korset». «Ja, det er riktig. Men hvem døde Han for?» «For synderes skyld, naturligvis», svarte mannen. «Ja, Gud være lovet. Men jeg ville gjerne ha et mer bestemt svar: for Hvem døde han?»

«For oss alle», kom det med ettertrykk. «Ja, det er også sant, men du har ennå ikke gitt meg det svar jeg ønsker. Kan du nevne en synder Han døde for?» Etter en liten tenkepause sier han: «Jeg er ingen lærd mann». «Det kan så være», svarte presten, «men tenk deg om. Du sier Han døde for syndere, og Han døde for alle. Kan du ikke da nevne navnet på en eneste av de syndere Han døde for?»

Nå stod mannen lenge taus, men en kunne se at han kjempet en kamp i sitt indre. Til slutt utbrøt han mens øynene strålte av glede: «Han døde for meg!» «Ja nettopp», sa presten. «Han døde for deg. Gud sier i sitt ord: Tro på den Herre Jesus Kristus, så skal du bli frelst. Han sier ikke: be mange bønner, så skal du bli frelst.

Vil du ikke derfor tro at Jesus døde for dine synder og så ta imot frelsen?» «Ja jeg vil», svarte mannen med et lykkelig smil.

Så enkelt er det også for oss idag. Men vi gjør det ofte så innviklet og vanskelig. la oss ta det akkurat som det står: «Tro på den Herre Jesus Kristus, så skal du bli frelst».

**R.R.**






## Kyrkjemusikk i Ytre Arna Kyrkje

**Søndag 18. mars kl. 19.00.**

**HEILE KYRKJELYDEN SYNG**

Ytre Arna Kyrkjekor
Ytre Arna Barne- og Ungdomskor
Kjell Ytrearne, trombone

**Søndag 1. april kl. 19.00**

**KONSERT**

Tertnes skoles strykeorkester, dir. Alf Steiner Christiansen.
Lars Erik Ter Jung, fiolin.
Med støtte frå rikskonsertane

**Onsdag 11. april kl. 19.30**

**KONSERT**

Breistein Mannskor
Arne Musikforening

## Sterk misjonsinnsats

Misjonsarbeidet i Norge er i stadig framgang, viser en undersøkelse som er foretatt av Egede-instituttet for perioden 1978-1982. På denne tiden har inntektene til misjonsorganisasjonene steget med 80%, antall aktive misjonærer har steget til 1620, og det er blitt flere misjonsforeninger, nå i alt 14 183. Norge er fortsatt det land i verden som har flest misjonærer i forhold til folketallet. Alle norske misjonsorganisasjonar var med i undersøkelsen, opplyser lederen for Egede institutt for misjonskunnskap og misjonsgransking, professor Nils E. Block-Hoell.

## Nedlegges

Sjømannsmisjonen la ned sin virksomhet i Hong Kong, Lisboa, Curacau og Port de bouc frå årsskiftet. Det er misjonens vanskelige økonomi som er årsaken til innskrenkningene.

## Gjeldfritt

Israelsmisjonens nye studiesenter i Jerusalem, Casparisenteret, er nå allerede gjeldfritt. Stedet ble innviet i begynnelsen av oktober og 15. oktober var innsamlingsmålet på tre millioner passert med 24.000 kroner.

**KIRKENS NØDHJELP**

## KYRKJELYDSTREFF

**I Arna Bedehus**
**Søndag 8. april kl. 18.30**

Dag Arne Roum frå Kirkens Nødhjelp fortel og syner film frå hjelpe- og utviklingsarbeidet i den 3. verda. —
Arna Kyrkjekor - Arna Ten Sing - Bevertning - Årsmelding og rekneskap for Arna Kyrkjelyd.

*DIAKONIUTVALET i Arna - ARNA SOKNERÅD i samarbeid med KIRKENS NØDHJELP.*

## BARNESIDE

# Moses i korga

Hugsar du Moses som Bibelen fortel om?

Mor hans måtte gøyma han i ei korg i sivet attmed elvekanten, for det var nokon som ville vera stygge mot han. Men den heidenske prisessa kom og fann han, og ho passa på han.

Då Moses vart vaksen, ville han ikkje leva det fine livet på slottet lenger. Han ville tilbake til folket sitt som var Guds eige folk. Det vart nok vanskeleg å leva for Moses då. Han fekk ikkje så fine klede og så fin mat som før. Men han var likevel gladare, for han levde der Gud var. Slik er det også godt for oss å vera der Gud er, der vi får høyra om Jesus.

Her ser du ei teikning av Moses i korga. Kan du finna vegen inn til han gjennom alt sivet? Du skal byrja der det er teikna ei pil.




### Løysing på kryssord i nr. 2






### Bibelen

Ein skeptiker spurde ein dag ei kristen kvinna korleis ho kunne prova at Bibelen er Guds ord.

Ho svara: «Korleis kan du prova at det er ei sol på himmelen?»

«Å», sa han, «fordi ho vermer meg og eg kan sjå lyset hennar».

«Og soleis er det med meg», svara ho. «Provet for at denne boka er Guds ord, er at ho vermer sjela mi og jev meg lys».

Biederwolf.

### *Kamp mot synden*

Du skal narre synden. Sier du: Nei, ikke nå, ikke idag, men kanskje om åtte dager, da har synden tapt herredømmet, og opptar kanskje slett ikke kampen senere.

Men sier du: Bare denne ene gangen og så aldri mer, da har synden vunnet terreng, og du kan være forvisset om at det ikke blir siste gang.

**Søren Kirkegaard**

## BREV TIL KYRKJELYDSBLADET

Kjære Kyrkjelydsblad 27/1-1984

Det har vore rørande å registrera den varme interesse som fleire har vist for den vesle guten som vart lam i beina etter ei trafikkulukke. No har me fått lovnad på så mange rullestolar at me er godt hjelpne ei stund. Mange takk for ein god og nyttig innsats!

Etter det eg forstår, er det alt samla inn meir pengar enn det trengst til rullestol og transport. Kva så? Skal alt initiativ dermed stoggast? Nei, slett ikkje, — me har mange oppgåver som kallar på heilhjarta innsats.

For 14 dagar sidan var me ein tur på barneheimen som kyrkja her driv saman med Det Norske Misjonsselskap. Det meste av midlane til drifta kjem frå NMS. Siste året var det ei utgift på ca. 800 kr. pr. barn pr. mnd. For tida er det 14 morlause på barneheimen. Dei får vera der til dei er så store at dei greier seg utan flaske, og kan eta vanleg mat. Dei reiser heim ein gong før 2 års alderen. Dersom nokon ynskjer å gjera noko nyttig for desse borna, kan dei senda pengar til Det Norske Misjonsselskap, Postboks 226, 4001 Stavanger, merka Barneheimen Meng, — postgiro 5 64 45 96. Dei av dykk som har born, vil sikkert ha interesse av å lesa meir om denne barneheimen i barneboka «Larba på Meng», som kom ut for eit par år sidan.

Til slutt siste nytt om vesle Victor som ventar på rullestolen: For tre veker sidan kunne han skrivast ut frå sjukehuset og reisa heim, etter at det var teke mål til nytt korsett. Slike gutar slit både tøy og korsett, kan de tru! Dessutan veks dei frå det dei har. Med nytt korsett vonar me at han lærer å gå litt med krykker!

**Dykkar utsendingar**
**Ingjerd og Oddvar Mestad**

*P.S. Pengane som er samla inn, er sendt til Barneheimen Meng.*

## Glimt frå Truslæra:

# Alle er syndarar — som Gud kan frelsa



Synd er eit ord som ofte vert brukt i kristen forkynning. At eit menneske er ein syndar, tyder ikkje at alle utan vidare er umoralske kjeltringar. Bibelen skildrar mange gode menneske for oss, og i vår verd finst det mykje godt. Elles ville ikkje livet vera til å halde ut.

I kristen språkbruk er synd eit religiøst omgrep som vert brukt for å skildra korleis Gud ser på oss, eller for å fortelja korleis vi verkeleggjer meininga Gud har sett for livet. Det greske ordet for synd, tyder å ta feil av vegen. Når Gud ser på menneska, ser han at vi ikkje av oss sjølve lever eit liv i fellesskap med han som er Herren. Vi trår heller etter det sjølvstyrde livet og vil vera vår eigen herre. Viljen vår er så forgjort at vi snur ryggen mot Gud og kan ikkje vende om av oss sjølve. Dette er å bomma på målet. Synd er derfor djupast sett vantru og hovmod mot Gud. Denne eigenkjærleiken vil og visa seg i einskilde synder mot menneske og i ulike former for misbruk og avgudsdyrking av skaparverket.

Synda er ei makt som vi er inne i heilt frå vi vert fødde. Denne syndige samanhengen kaller kyrkja arvesynd. Alle menneske sit fast i synda som i eit garn, og ingen kan frelsa seg sjølve ifrå ho, endå om han ville.

Men vi kan lata oss frelsa av Jesus som vant over synda og igjen opna vegen til Guds rike for oss. Det er dette kristendomen dreier seg om. Ein lærar kunne derfor avslutta kristendomsopplæringa i ein klasse med å seia: «Det mest sentrale i kristendomen er forlating for syndene, forlating for syndene og forlating for syndene».

## KONSERT

Laurdag 31.03.84 vert det konsert med Den kristne rockegruppa **SYNZYGUS** i gymnastikksalen på Ådnamarka skule. Arna Ten Sing syng.
Konserten tek til kl. 19.00. Bill. kr. 15.-.
Arr. ARNA TEN SING.



Vi presenterar:

# Dei tilsette i Arna kyrkjelyd sin dagheim



*Kjersti Kjenes Rydland*
*styrar*



*Ingunn Myrlid*
*førskulelærar*



*Torill Vatne*
*førskulelærar*



*Anne-Karin Vågenes*
*assistent*



*Linda C. Vaular*
*kjøkkenassistent*



*Gunn Beate Haukeland*
*praktikant*



*Linda Jakobsen*
*praktikant*



*Solveig Gjertsen*
*praktikant*



*Anne Kristine Mjøs*
*praktikant*

# KYRKJELYDSVEKA -84

Søndag 18. mars:

HEILE KYRKJELYDEN SYNG i Arna kyrkje kl. 18.00.
Garnes barnerøyster. Indre Arna barnerøyster.
Betania barnekor. Kollekt.

Tysdag 20. mars:

HUSMØTE kl. 19.30 (Sjå andre sida!)

Onsdag 21. mars:

FASTEGUDSTENESTE i Arna kyrkje kl. 19.00.
Res. kap. Sundsbø. Betania Ungdomskor.
Nattverd. Kollekt.

Torsdag 24. mars:

MISJONSMØTE i Arna kyrkje kl. 19.30.
Misjonsprest Tor Dag Kjosavik.
Arna kyrkjekor. Audun Møllerup Boge. Kollekt.

Laurdag 24. mars:

UNGDOMSKVELD i Arna kyrkje kl. 19.00.
Tor Dag Kjosavik. Bjarte Leithaug m/ slep.
Unge frå Øystese/Norheimsund ungdomskor.
Kollekt. Treff i Arna bedehus etterpå.

Søndag 25. mars:

HØGMESSE i Arna kyrkje kl. 11.00.
Tor Dag Kjosavik og Harald Sundsbø.
Arna kyrkjes barnekor. Misjonsoffer.

KYRKJEKONSERT i Arna kyrkje
søndag 25. mars kl. 19.00.
Arna kyrkjekor: "Magnificat" av Buxtehude.



# Husmøte



**I samband med kyrkjelydsveka vert det husmøte tirsdag 20. mars kl. 19.30.**

EMNE: «Misjon — noko for meg?»

Tanken er at dette skal vere eit uformelt samvær der folk i nabolaget kan samlast og snakke saman, og ta opp eit spørsmål som er aktuelt for alle.

| VERTSKAP og ADRESSE | INNLEIAR |
|---|---|
| Liv og Frank Minde, Mindegardane | Øyvind Øy |
| Berit og Harald Haugsvær, Lone | Harald Haugsvær |
| Marta og Asgeir Straume, Londalsfl. 41 | Målfrid Sandvik |
| Aslaug og Ole G. Borge, Borge | Monrad Ulveseter |
| Maria og Nikolai Rørbakken, Mjeldheim | Olav Hesjedal |
| Gjertrude Kalsaas, Ytre Arna Gard | Jens K. Hauge |
| Olga Smalås, Arnatveit | Anne Brit Frøyen |
| Gustava Bruvik, Hølbekken 77 | Jan Marius Olsen |
| Margit og Kjartan Hollekve, Stølsv. 105A | Kjartan Hollekve |
| Valborg og Einar Johnsen, Gotevollen 4 | Magne Kjølen |
| Karen og Sigvald Storheim, Vollav. 33B | Trygve Helge Kleppestø |
| Reidun og Egil Tunes, Tunes | Ingmar Ljones |
| Dagny og Johannes Midttun, Trengereid | Per Eide |
| Brita Romslo, Romslo | Ragnhild Rein |
| Kjellaug Haugsdal, Ø. Seimsmark 26 | Harald Sundsbø |
| Asbjørg og Oddmund Bildøy, Seim | Anne Margrethe Johnsen |

**Du er velkomen!**

## Glede på MF

Menighetsfakultetet i Oslo fikk inn 3,1 millioner kroner i gaver i løpet av november og desember. Institusjonen regner dermed å få balanse i driftsregnskapet for 1983. I høst så det ut til at MF skulle få et driftsunderskudd på 1,7 millioner. Gleden er derfor stor på MF nå, forteller fung. adm. sjef Bjørn Tore Pettersen.

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.
**Bladpengar:** kr. 25,-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

# Familieside

**DØYPTE**

**ARNA SOKN:**

**5.2:** Hans Kristian Lien. Døypt i Birkeland kirke.

**12.2:** Ivar Stien, Endre Karlsen, Christine Nyheim, Silje Akselberg, Trude Solberg Lien, Siri Skulstad Wangen, Monica Andersen.

**12.2:** Jarle Brunborg Bogevik. Døypt i Ådland kirke.

**VIGDE:**

**ARNA SOKN:**

**4.2:** John Sture Knapskaug og Bodhild Kallestad.

**11.2:** Geir Skjelnes og Kari Rogne Flatås.

**25.2:** Jan Kasper Østensen og Lise-Gunn Wiktorin.

**25.2:** Jonny Andreassen og May-Britt Halland.

**DØDE:**

**ARNA SOKN:**

**2.2:** Ludvik Hope f. 1899.

**6.2:** Karl Olaf Eriksen f. 1889.

**16.2:** Karsten Aubert Zahl f. 1893.

**YTRE ARNA SOKN:**

**5.2:** John Vevle, f. 1911.

**21/2:** Oliva Presthus, f. 1911.

## Ofringane i kyrkjelydane

**ARNA:**

| | | |
|---|---|---|
| 5/2: | Diakonihøgskolen og Bevegelsen for livsrett og menneskeverd | 697,- |
| 12/2: | Kyrkjelydshuset i Arna | 1652,- |
| 19/2: | Det Norske Bibelselskap | 1628,- |

**YTRE ARNA:**

| | | |
|---|---|---|
| 5/2: | Santalmisjonen | 1645,- |
| 12/2: | Modum Bad Nervesanatorium | 566,- |
| 19/2: | Bibelselskapet | 762,- |

## MØTE

**ARNA BEDEHUS**

*17/3:* Folkehøgskulekveld kl. 19.00. Lærar Øystein Aadland og Alfred Aa saman med ei gruppe elevar frå Framnes Folkehøgskule. Ljosbilete eller Video. Variert program. Mykje song og musikk.

*22/3:* Pensjonistsamvær kl. 17.00.

*1/4:* Søndagsmøte. Sang v/Liv Riise og Gjertrud Knudsen.

*8/4:* Sang v/Birger Olsnes m/frue.

*10-15/4:* Møteveke v/N.L. Misjonssamband.

**BETANIA, LONE:**

*25/3:* Møte v/N.L.M.

*29/3:* Møte v/Indremisjonen.

*31/3:* Ungdomskveld v/Betania U.F.

1/4: Møte v/Indremisjonen.

*3-8/4:* Møteveke v/Samemisjonen.

**HAUGLAND BEDEHUS:**

*16/3:* Årsmøte i Haugland Indremisjon.

*20-23/3:* Møteveke v/Indremisjonen. Talar Audun Hjellvik. Song og musikk på alle møter.

**YTRE ARNA BEDEHUS:**

*28/3:* Årsmøte i Santalmisjonen.

*4., 5., 7. og 8/4:* Møteveke v/Misjonssambandet. Talar Johannes Amland.

*12/4:* Basar for bedehuset.

*11., 14. og 15/4:* Møter v/Indremisjonen.



## Presten har ordet



*Øyvind Øy*

### TID FOR UTVIDING

For omlag 120 år sidan vart det bygt kyrkje i Arna, ei fin kyrkje som har vore ein kjær samlingsstad for folk i kyrkjelyden i generasjonar. Etter kvart vert det stadig meir klart at vi har bruk for meir enn berre eit kyrkjerom. Alle kyrkjer idag vert bygde som arbeidskyrkjer. Det viser at kyrkjelydsarbeid idag treng varierte lokale for å fylle si oppgåve.

Når vi satsar på å bygge kyrkjelydshus, er det fordi det er nødvendig for arbeidet i kyrkjelyden vår. Vi treng det for å kunne utføre eit forsvarleg arbeid i kyrkjelyden idag. Dessutan er det investering i Guds rikes framtid i Arna. Sjølv om dette ikkje heilt ut kan samanliknast med reising av kyrkja, er dette eit løft som vil vere til velsigning for generasjonar som kjem etter oss.

Vi utfordrar frimodig Arna kyrkjelyd til å satse stort. Vi treng langt meir enn berre velvilje i denne saka. Her må det konkret støtte til. Vi har gått ut med spørsmål om hjelp til finansieringa. Gjer noko med det! Seinare vil vi be om dugnadshjelp. Vi trur at dette er ei oppgåve som vi har alle føresetnader til å greie.

Dei som står i leiinga for arbeidet, vonar på byggestart i 1985. Det vil i så fall verte ei verdig markering av kyrkja sitt 120-års-jubileum!

### 22.000 til Kyrkjelydshuset

Etter bankgiroblankettane vart lagt i Kyrkjelydsbladet er det kome inn ca. kr. 22.000 til Kyrkjelydshus i Arna. Innsamlinga held sjølvsagt fram. Om nokon vil nytta postgiro, kan gåver sendast over postgirokonto 3498995, adr.: Kyrkjelydshus i Arna, 5233 Haukeland.

Fortsatt fra s. 13

Det er noe som er verre enn alt det vi kan bli utsatt for her i livet. Ja, det er til og med noe som er verre enn å miste livet. Og det er å gå fortapt, det er å sette seg selv utenfor Guds nåde og Guds omsorg.

Vi skal kjempe mot det vonde i verden. Samtidig må vi ikke glemme at det vondeste er når mennesker ikke vil høre Gud til.

Å være kristen er å leve i takknemlighet for Guds kjærlighet og omsorg. Den tryggheten Gud gir, betyr mer for meg enn å være redd for fly, mus og atombomber.

# Fasteaksjonen 1984:

## Saman kan vi skape ei betre og meir rettferdig verd.



Med temaet i år ønskjer vi å understreke at SAMAN KAN VI skape ei betre og meir rettferdig verd for alle menneske. Korkje utviklingsland eller industriland kan makte dette åleine, fordi økonomi, handel og samferdsle er samanvovne slik at VI TRENG KVARANDRE.

SAMAN KAN VI dele ressursane våre på alle måtar. Vi må knyte nasjonar og einskildmenneske saman slik at vi kan styrkje kvarandre og skape ei meir rettvis fordeling.

Utviklingslanda har store naturrikdommar som enno ikkje er utnytta. Det finst mat for millionar i jorda ute i u-landa. Og det finst menneske som ønskjer utdanning og arbeid til beste for seg sjølve, sitt eige land og verda elles.

KIRKENS NØDHJELP ønskjer på sin måte å knyte gode sambandsliner mellom den rike delen av verda og dei fattige landa. Gjennom prosjekt innanfor jordbruk, helse, vassforsyning og undervisning vil vi vise at det nyttar. Difor gir vi u-landa i tre verdsdelar høve til dette gjennom pengar og fagkunnskap. Såleis skal dei få føresetnader til å utnytte ressursrikdommane sine betre.

### Gåva frå Noreg

12 år gamle Daniel strålar av glede. Han har fått ein stor presang. Ikkje noko elektrisk tog og ikkje racersykkel med ti gir, men eit ullteppe som kan halde kulden ute i dei kalde vintermånadene.





Daniel bur saman med mor si og småsyskena i indianerområdet Los Tonayes nord i Guatemala. Far hans blei drepen under ein massakre i landsbyen. I eit halvt år var Daniel på flukt i fjella saman med geriljaen. No har kvinnene og borna fått lov til å slå seg ned på eit område som blir halde under streng kontroll av regjeringssoldatar.

Men dei har ingen ting å leve av etter at dei måtte røme frå gardane sine. Dei er i same situasjon som meir enn 20.000 andre indianarar i San Martin-distriktet. Kirkens Nødhjelp er einaste hjelpeorganisasjonen som får sleppe til i dette området og den einaste som indianarane har tiltru til. Meir enn 20.000 menneske i 23 bygdesamfunn ville ikkje kunne greie seg utan den hjelpa Kirkens Nødhjelp kan gi dei frå nordmenn.

Så no veit du litt om kva innhaldet i fastebøssa di går til.

---

### *Bruk fastebøssa*

Ved å bruke fastebøssa i tida fram til påske, kan du vere med på å hjelpe menneske i naud i den tredje verda. Grensa for innsatsen til KIRKENS NØDHJELP ligg IKKJE i u-landa, men i dei midlane som vi kan få inn her heime i Noreg gjennom stønad og gåver. Gjennom fasteaksjonen bed vi om di hjelp, for at vi skal kunne halde fram med hjelpearbeidet vårt mellom dei fattige folka på jorda som no lid naud.

### Innlevering

Bøssa kan ein levera inn ved påsketider. På baksida av kvar bøsse står nemnt stadene der ho kan leverast.

# Flyskrekk

**Av Pål Storrusten**



Jeg må innrømme det: Jeg har en smule flyskrekk. På den ene siden synes jeg det er fascinerende å fly, å se landskap og geografi ovenfra, å pløye seg gjennom skyformasjoner. Men likevel: Når flyets nese strekkes oppover og jeg kjenner trykket i magen, da kan jeg ikke annet enn å ta et godt tak i armlendet.

Kanskje ler du av meg. Men så er det kanskje andre ting du er redd for? Redd for slanger, edderkopper, mus eller store hunder? Redd for høye tårn, store folkemengder eller åpne plasser? Redd for mørket, for sykdom, eller for døden? Redd for læreren, for klassekamerater? Redd for eksamen eller for arbeidsløshet? Redd for fremtiden, redd for krig og atombomben?

Noen ting er det helt ulogisk å være redd. Som å være redd for å fly. Andre ting er det mer grunn til å være redd. Vi lever i en verden der det virkelig er litt av hvert å frykte.

Gud kjenner oss mennesker. Derfor står det flere steder i Bibelen om å være redd. Et sted leser vi: «Vær ikke redde for dem som dreper legemet, men ikke kan drepe sjelen. Frykt heller ham som kan ødelegge både sjel og legeme i helvete». (Matt. 10.28).

*Framhald side 11*

# Stort Bhutanmøte på Tunes

Forventningene blant barn og voksne steg i takt med temperaturen på bedehuset utover ettermiddagen søndag 5. februar. Misjonsvennene ventet på Bhutanmisjonær Jan Ørnulf Melbostad. I den anledning hadde Santalforeningene i Indre Arna stelt i stand misjonsfamiliefest på bedehuset, og samlet fullt hus. Gjennom ord og bilder gav Melbostad forsamlingen et levende glimt av misjonens arbeid og muligheter i Bhutan, et fjelland på grensen til Himalaya.

Han fortalte bl.a. at myndighetene i Bhutan nå har anmodet misjonen om å utvide arbeidet. Dersom Santalmisjonens landsstyre sier ja, vil det bety ansvar for helsetjeneste til 300.000 mennesker. Santalmisjonen får også store evangeliseringsmuligheter i et land som vil nå har vært lukket for evangeliet. Det var mange begeistrede ansikter å se etter møtet. Santalforeningene i Arna kan virkelig glede seg over den voksende interessen for misjonsarbeidet i Bhutan.

I programmet deltok også forstandar Audun Tang, 5. og 6. klasse ved Tunes skule og Betania musikkor.



*Misjonslege Jan Ørnulf Melbostad viser lysbilder fra Bhutan.*

**Lege i Arna:**
Lege
Frøydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.


**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96





**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50
**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**
Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.
**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

**ESPELAND GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866
**SPAREBANKEN VEST**
AVDELING ARNA
**— til bygdefolket sitt beste**

GODKJENT AV BILTILSYNET
**Aut. bilverksted**
**Aut. dekkforhandler**
GODE TILBUD PÅ DEKK OG REKVISITA!
GOD SERVICE — RIMELIGE PRISER — HYGGELIG MILJØ!
***Velkommen til vår bensinstasjon!***
**Arnatveit Auto Senter**
**J.B. Myklestad**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40
NOROL

**Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.**
**ARNA ELKJØP A/S**
Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger EL-KJØP

# *Velkomen til kyrkje*

**18/3** **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen. Sundagsskule.
**Arna kl. 18.00.** HEILE KYRKJELYDEN SYNG.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Yngste Røster. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
**Ytre Arna kl. 19.00.** HEILE KYRKJELYDEN SYNG.

**21/3** **Arna kyrkje kl. 19.00.** Res.kap. Sundsbø. Betania Ungdomskor. Nattverd.

**25/3** **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø og misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Misjonsoffer. Arna kyrkjes barnekor.
**Arna kl. 19.00.** Kyrkjekonsert. Arna kyrkjekor.
**Trengereid kapell kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til institutt for kristen oppseding. Kyrkjekaffi.

**27/3** **Ytre Arna kl. 19.30.** Sokneprest Øy. Ytre Arna kyrkjekor. Nattverd.

**28/3** **Arna kyrkje kl. 19.00.** Sokneprest Øy. Solosong.

**1/4** **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskuleborn tek del.
**Arna kl. 19.00.** Ungdomsgudsteneste v/sokneprest Øy.

**Ytre Arna kl. 11.00** Sokneprest Øy. Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Blå Kors.
**Ytre Arna kl. 19.00.** Kyrkjekonsert. Tertnes skoles strykeorkester og Lars Erik ter Jung, fiolin.
**Haukeland kl. 16.30.** Res.kap. Sundsbø.

**4/4** **Arna kl. 19.00.** Res.kap. Sundsbø. Arna kyrkjekor. Nattverd.
**Trengereid kapell kl. 19.30.** Sokneprest Øy. Nattverd.

**8/4** **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Fedjekoret. Takkoffer til Blå Kors.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Høyreanlegg.
**Takvam kl. 16.30.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Stiftssenteret.

**11/4** **Ytre Arna kl. 19.30.** Konsert, Arne Musikkforening og Breistein Mannskor.

---

**ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:** Tlf. 24 23 03.
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.